



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Formannskapet
<b>Stad:</b>	Herøy rådhus, Formannskapssalen
<b>Dato:</b>	18.08.2015
<b>Tid:</b>	13:30 – 18:10

---

**Medlemer som møtte:**

Camilla Storøy	Medlem	KRF
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Tor-Sindre Steinsvik	Medlem	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP
Olaug Andreassen	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP

---

**Forfall:**

--	--	--

---

**Varamedlemer som møtte:**

--	--	--

---

**Andre:**

Rådmann Olaus-Jon Kopperstad  
Politisk sekretær Lisbeth Moltu Espeseth  
Planleggar Aleksander Zahl Tarberg  
Planleggar Berit Sandvik Skeide  
Anlegg- og driftsleiar Jon Rune Våge  
Eigedomsleiar Robert Myklebust  
Barnehageleiar Laila Kvalsund Solhaug  
Leiar avd. barn, familie og helse Inger Marie Tofthagen

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vert valde:  
Karly Ingunn Teige og Margaret Leinebø

Camilla Storøy (Krf) fekk permisjon frå kl 16:15, under handsaminga av F-sak 151/15.

Det vart orientert om/drøfta:

- Notat av 10.08.2015 frå utviklingsavdelinga om kommunereform haust 2015.
- Oversikt fastlegesituasjonen i Herøy kommune pr. 13.08.2015. Leiar avd. for barn, familie og helse Inger Marie Tofthagen møtte og orienterte. Formannskapet ber om å få framlagt ein rekrutteringsstrategi for legar i Herøy.
- Notat av 14.08.2015 frå utviklingsavdelinga om FV 654 Skarabakken – strakstiltak – status 14.08.2015.
- Notat av 14.08.2015 frå utviklingsavdelinga om grunnerverv av industriområde 38/1 – status pr. 14.08.2015. (U.off. § 15) Formannskapet godkjenner at tilbod på grunnerverv blir sendt.
- Plassering av byste på offentlig grunn. Formannskapet har ikkje merknader til Rotary sitt forslag til plassering.

---

underskrifter

Karly Ingunn Teige

Arnulf Goksøy  
ordførar

Margaret Leinebø

## SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 143/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 144/15	Protokoll frå førre møte
PS 145/15	Delegerte saker
PS 146/15	Referatsaker
PS 147/15	Detaljreguleringsplan gang- og sykkelveg Sandvika - Stokksundkrysset FV 10 - slutthandsaming
PS 148/15	Detaljreguleringsplan for gnr. 42, bnr. 1 mfl. (Lanternen marina) - handsaming etter offentlig ettersyn
PS 149/15	Klage på vedtak - Detaljreguleringsplan for Eggesbøjorda område F/K/O
PS 150/15	Miljøopprydding Fosnavåg hamn - prinsippavklaring deponering av masser i samband med mudring
PS 151/15	Utviklingsplan for kommunale bygg 2015-2020 - utkast til drøfting
PS 152/15	Sikringstiltak mot skred/steinsprang frå fjellet bak Huldal barnehage i Fosnavåg - gjennomføring av tiltak og løyving av naudsynte midlar
PS 153/15	Høyring - finansiering av private barnehagar
PS 154/15	Organsiering av flyktingtenesta
PS 155/15	Organisering av tenesta for rusmisbrukarar.
PS 156/15	Oppreisningsordning for barneheimsbarn, skuleheimsbarn og fosterbarn
PS 157/15	Mogleg tilsetjing ved ledigheit som ergoterapeut
PS 158/15	Løyve til tilsetjing skulefagleg rådgivar 70%
PS 159/15	Sunnmørsbadet. Søknad om auka kommunal finansiering. Delegerte saker frå avdelingane
DS 11/15	Søknad om utvida skjenketid
DS 12/15	Bytte av styrer på salgsbevillingen Referatsaker
RS 42/15	Melding om vedtak i Fylkestinget 15.06.2015
RS 43/15	Kommunedelplan Sande Fastlandssamband - Høyring og offentlig ettersyn.
RS 44/15	Oppmoding om busetting av flyktingar

Prenta skriv til orientering/drøfting:

## **PS 143/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### **Møtebehandling:**

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

## **PS 144/15 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE**

### **Møtebehandling:**

Protokoll frå førre møte låg føre.

## **PS 145/15 DELEGERTE SAKER**

### **Møtebehandling:**

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

## **PS 146/15 REFERATSAKER**

### **Møtebehandling:**

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

## **PS 147/15 DETALJREGULERINGSPLAN GANG- OG SYKKELVEG SANDVIKA - STOKKSUNDKRYSET FV 10 - SLUTTHANDSAMING**

### **Møtebehandling:**

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart vedteken mot 1 røyst.  
Kjell Runde (Folk/SP) røysta imot.

### **Tilråding i Formannskapet - 18.08.2015**

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg Sandvika – Stokksundkrysset FV10, med

tilhørende reguleringsføresegner og planomtale inkludert vedlegg, sist revidert 18.06.2015.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

## **PS 148/15 DETALJREGULERINGSPLAN FOR GNR. 42, BNR. 1 MFL. (LANTERNEN MARINA) - HANDSAMING ETTER OFFENTLEG ETTERSYN**

### **Møtebehandling:**

Planleggar Berit Sandvik Skeide møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 18.08.2015**

Kommunestyret godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12, detaljreguleringsplan for gnr. 42, bnr. 1 mfl. (Lanternen marina), med tilhørende reguleringsføresegner, sist datert 1.7.2015.

Dette er eit enkeltvedtak, som kan påklagast jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI innan tre veker frå kunngjering.

## **PS 149/15 KLAGE PÅ VEDTAK - DETALJREGULERINGSPLAN FOR EGGESBØJORDA OMRÅDE F/K/O**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 18.08.2015**

1. Kommunestyret tek klagen på avvising av vedtak til følge og tek klagen opp til realitetshandsaming.
2. Kommunestyret kan ikkje sjå at klagene fører med seg vesentlege nye moment i saka, som ville kunne ha ført til eit anna vedtak i kommunestyret si handsaming av sak 32/15.

Kommunestyret opprettheld vedtaket i K-sak 32/15 og avslår klagen som har kome innan fristen. Det er ikkje kome fram nye moment i saka som gir grunnlag for å endre vedtak, K-sak 32/15, om eigengodkjenning av detaljreguleringsplan for Eggesbøjorda område F/K/O.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

## **PS 150/15 MILJØOPPRYDDING FOSNAVÅG HAMN - PRINSIPPAVKLARING DEPONERING AV MASSER I SAMBAND MED MUDRING**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen la fram slik ny tilråding i saka:

1. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 2 og 3 kan nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
2. Herøy kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å starte forhandlingar med aktuelle grunneigarar for etablering av deponi.
3. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi og sentrumsutvikling i Fosnavåg.
4. Herøy kommunestyre ber om at kostnadsfordelinga mellom Herøy kommune og Kystverket vert avklara snarast råd og at det vert gjort eit overslag over dei kommunale kostnadane ved dei to alternativa innan 15.10.2015 slik at kostnadane er kjende tidleg i reguleringsarbeidet og kan innarbeidast i budsjett og økonomiplan.

Brev av 14.08.2015 frå Igesund Eigedom AS/Nordmar Eigedom AS vart utdelt.

Anlegg- og driftsleiar Jon Rune Våge og planleggar Berit Sandvik Skeide møtte og orienterte i saka.

Per Kristian Furø (AP) kom med framlegg om slikt nytt pkt. 1 i rådmannen si tilråding:

«Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 3 kan nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.»

Rådmannen si tilråding vart vedteken mot 3 røyster.

Per Kristian Furø (AP), Olaug Andreassen (AP) og Kjell Runde (Folk/SP) røysta imot.

### **Tilråding i Formannskapet - 18.08.2015**

1. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 2 og 3 kan nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
2. Herøy kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å starte forhandlingar med aktuelle grunneigarar for etablering av deponi.
3. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi og sentrumsutvikling i Fosnavåg.
4. Herøy kommunestyre ber om at kostnadsfordelinga mellom Herøy kommune og Kystverket vert avklara snarast råd og at det vert gjort eit overslag over dei kommunale kostnadane ved dei to alternativa innan 15.10.2015 slik at

kostnadane er kjende tidleg i reguleringsarbeidet og kan innarbeidast i budsjett og økonomiplan.

## **PS 151/15 UTVIKLINGSPLAN FOR KOMMUNALE BYGG 2015-2020 - UTKAST TIL DRØFTING**

### **Møtebehandling:**

Eigedomsleiar Robert Myklebust møtte og orienterte i saka.

### **Samrøystes tilråding i Formannskapet - 18.08.2015**

Kommunestyret tok orienteringa til vitande.

## **PS 152/15 SIKRINGSTILTAK MOT SKRED/STEINSPRANG FRÅ FJELLET BAK HULDAL BARNEHAGE I FOSNAVÅG - GJENNOMFØRING AV TILTAK OG LØYVING AV NAUDSYNTE MIDLAR**

### **Møtebehandling:**

Anlegg- og driftsleiar Jon Rune Våge møtte og orienterte i saka.

Det kom framlegg om slik endring av pkt. 1 i rådmannen si tilråding:

«Herøy kommune tek på seg gjennomføring av sikringstiltak mot skred/steinsprang frå fjellet bak Huldal barnehage.»

Rådmannen si tilråding med endringsframlegget ovanfor vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 18.08.2015**

1. Herøy kommune tek på seg gjennomføring av sikringstiltak mot skred/steinsprang frå fjellet bak Huldal barnehage.
2. Det vert løyvd 370.000 kroner til gjennomføring av prosjektet.
3. Løyvinga vert finansiert med tilskot på 240.000 kroner frå NVE. Den resterande kostnaden på 130.000 kronert vert finansiert ved låneopptak.
4. Huldal barnehage SA får utbetalt 53.072 kroner som dei har betalt for konsulentrapport frå Norconsult AS.

## **PS 153/15 HØYRING - FINANSIERING AV PRIVATE BARNEHAGAR**

### **Møtebehandling:**

Ann Katrin (Tine) Storøy (H) reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er eigar/drivar av 2 private barnehagar. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Ann Katrin (Tine) Storøy vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, Fvl § 6, 4. siste avsnitt.

Barnehageleiar Laila Kvalsund Solhaug møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 18.08.2015**

1. Formannskapet meiner at dagens modell for finansiering av private barnehagar bør vidareførast (spørsmål 1).
2. Formannskapet støttar forslaget om å gje påslag for pensjonsutgifter, men med eit prosentpåslag 6 - 8 prosent (spørsmål 2).
3. Formannskapet meiner at det må vere frivillig for kommunane om ein vil bruke kommunal eller nasjonal sats for kapitaltilskotet, og støttar ikkje forslaget om at kapitaltilskotet kun skal bereknast ut frå nasjonal sats (spørsmål 4).
4. Formannskapet kan ikkje støtte at fristen for vedtak om sats bør vere 31. oktober i året før tilskotsåret utan at staten kjem med sine satsar tidlegare. (spørsmål 17).
5. Formannskap gir rådmannen fullmakt til å svare på resten av spørsmåla

## **PS 154/15 ORGANSIERING AV FLYKTINGTENESTA**

### **Møtebehandling:**

Olaug Andreassen (A) reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho har vore med i arbeidsgruppa for utarbeiding av rapport og tilråding. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Olaug Andreassen vart samrøystes kjend inhabil etter KL § 40, 3. ledd pkt. b.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 18.08.2015**

Saka vert tatt til vitande.



## **PS 155/15 ORGANISERING AV TENESTA FOR RUSMISBRUKARAR.**

### **Møtebehandling:**

Olaug Andreassen (A) reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho har vore med i arbeidsgruppa for utarbeiding av rapport og tilråding. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet. Olaug Andreassen vart samrøystes kjend inhabil etter KL § 40, 3. ledd pkt. b.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 18.08.2015**

Saka vert tatt til vitande.

## **PS 156/15 OPPREISNINGSORDNING FOR BARNEHEIMSBARN, SKULEHEIMSBARN OG FOSTERBARN**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 18.08.2015**

1. Herøy kommune sluttar seg til ordninga med oppreising for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal.
2. Herøy kommune godkjenner vedtektene slik dei lyder etter vedtak i Fylkesmøte i KS 19.09.14 og i Fylkestinget i Møre og Romsdal 09.12.14.
3. Mogleg utbetaling til oppreising vert å ta opp i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet.

## **PS 157/15 MOGLEG TILSETTING VED LEDIGHEIT SOM ERGOTERAPEUT**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 18.08.2015**

1. Formannskapet gir løyve til mellombels å tilsette ein ergoterapeut i 40 % stilling for ei periode på 12 månader frå det tidspunktet den fast tilsette ergoterapeuten reduserer stillinga si tilsvarande.
2. Rådmannen får fullmakt til å gjere dei budsjettendringane som fylgjer av saka.

## **PS 158/15 LØYVE TIL TILSETJING SKULEFAGLEG RÅDGIVAR 70%**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 18.08.2015**

Formannskapet gir løyve til tilsetjing i stillinga som skulefagleg rådgivar 70%, mellombels ut 2017.

## **PS 159/15 SUNNMØRSBADET. SØKNAD OM AUKA KOMMUNAL FINANSIERING.**

### **Møtebehandling:**

Oppdatert finansieringsplan av 17.08.2015 vart utdelt.

Tor Sindre Steinsvik reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er styreleiar i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS. Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Tor Sindre Steinsvik vart samrøystes kjend inhabil etter KL § 40, Fvl § 6, bokstav e.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 18.08.2015**

Kommunestyret viser til søknaden frå Sunnmørsbadet Fosnavåg AS av 22.06.2015 og vedtek å auke finansieringa av uteområdet frå 35,0 mill kr til 38,9 mill kr ved at 3,9 mill kroner i sal av steinmasser til fylkesvegen, finansiert i K-sak 157/14, går til auka finansiering av uteområdet.

Søknaden mottatt 24.06.15 om auka forskottering av tippemidlar kan ikkje imøtekomast.

**MØTE SLUTT KL. 18:10**